



“Æ e trønder, æ, sjø!” Den pragmatiske partikkelen *sjø* i midt-norske dialekter

Åshild Søfteland og Kaja Borthen

Sjø er ein pragmatisk partikkel som har sitt primære bruksområde i trønderiske dialekter. Med utgangspunkt i spontantaledata frå Nordisk dialektkorpus analyserer vi bruken av *sjø* både geografisk, semantisk og pragmatisk. Ved hjelp av det relevansteteoriske rammeverket forklarar vi korleis semantikken til *sjø* kan gi opphav til ulike kommunikative effektar i ulike kontekstar, og korleis desse ulike tolkingane kan henge saman. Ytringar med *sjø* kan bl.a. vere forklarande eller stadfestande, og ansiktsbevarande eller ansiktstrugande, men dei vil i alle tilfelle støtte opp om eit saksforhold som er kontekstuel tilgjengeleg, enten eksplisitt eller implisitt.

Nøkkelord: Pragmatisk partikkel; det trønderiske dialektområdet; korpuslingvistikk; relevanst teori

1 Innleiing¹

I denne artikkelen skal vi mellom anna skildre geografisk utbreiing, syntaktiske mønster og pragmatiske bruksmåtar for den pragmatiske partikkelen *sjø* i norsk talespråk, med utgangspunkt i data frå Nordisk dialektkorpus (Johannessen et al. 2009). Nokre døme på bruken av *sjø* er lista opp i (1).

- (1) a. får prøve å legge han på magen da for da kan det godt hende han sovnar **sjø**
b. A: det er lett å bli blind på pengane
B: ja det er det **sjø**
c. nei eg skal på folkehøgskule eg **sjø**

1. Tusen takk til Aleksander Eidsmo, Christoph Unger og Signe Rix Berthelin, som har kommentert tidlege versjonar av artikkelen. Spesielt stor takk til fire anonyme fagfellar som gav svært nyttige innspel til artikkelen.

Som vi skal sjå seinare i artikkelen, kan *sjø* føre til ei rekke ulike tolkingar i ulike kontekstar. Det primære forskingsspørsmålet vårt er kva ordet *sjø* tyder i seg sjølv, altså kva for semantikk ordet har. Men skal analysen vere overtydande, må denne semantikken kunne forklare dei pragmatiske effektane vi finn for dei døma vi har samla inn. Denne artikkelen vil derfor i stor grad handle om tolking og pragmatikk.

Ordet *sjø* bidrar ikkje til sanningsvilkåra i ei ytring; til dømes skildrar kvar av dei tre ytringane i (1) ein og same situasjon i verda utan omsyn til om *sjø* er til stades eller ikkje. *Sjø* skildrar ikkje konkrete aspekt ved verda, men hintar om implisitte tolkingar som gjeld relasjonar mellom talar, tilhøyrar, innhaldet i ytringa og diskursen elles. Ordet tilhøyrer derfor kategorien *pragmatisk partikkel*.

Den pragmatiske partikkelen *sjø* er primært i bruk i trønderske dialektar og tilgrensande målområde (sjå seksjon 2), men verkar vere godt kjend i resten av landet som eit målmerke frå dette dialektområdet. Det er truleg bakgrunnen for at *sjø* er mykje omtalt på internett, i bloggar og liknande. Her er nokre døme:

- (2) a. **Grunnkurs i trøndersk:** “Husk at alle setninger (unntatt spørsmål) skal avsluttes med ‘sjø’”. (Dette er en forkortelse for “skjønner du”). Eksempel: “Æ e trønder æ, sjø!”
- b. **Trøndersk ABC:** “Ordet har ingenting med havet eller noe annet vått å gjøre. ‘Sjø’ brukes utelukkende for å legge ekstra kraft bak et utsagn.”
- c. **Innføring i trøndersk:** “Det brukes for å legge ekstra kraft bak et utsagn. Du må bare vende deg til at ordet blir brukt hele tiden og ofte helt uten sammenheng.”
- d. **Godt å vite om trøndere:** “Noe trønderne også hater er folk som overdriver bruken av ordet ‘SJØ’. Ja, visste jeg det ikke, du trodde vel at alle trøndere sier ‘SJØ’ etter hver setning du også som alle andre. Men saken er at trønderne bor faktisk ikke på et stort blått hav heller!”

Vi ser her at fleire hevdar at ordet er forsterkande, gir ekstra kraft, og at det kan bli nytta nesten overalt. Det ser òg ut til at den folkeetymologiske tolkinga er at *sjø* kjem frå ‘skjønner du’. Seinare i artikkelen skal vi foreslå ein semantikk for ordet som skil seg frå det som står her, men som samtidig kan forklare kvifor folk oppfattar ordet på denne måten.

Den folkeetymologiske tolkinga av det historiske opphavet til *sjø* er ikkje rett. Som det står i Norsk Ordbok – ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet (u.å.), er *sjø* ein uttalevariant av *ser du*. Oppslagsordet *ser-du* (interjeksjon) blir definert slik:²

- (3) **Definisjon av *ser-du* i Norsk Ordbok (u.å.)**
 tillegg etter setning der ein har forklart noko el lagt fram fakta,
 (inn)ser du, skjønar du; nemleg, absolutt; må vita

To av døma som blir gitt i dette oppslaget, er desse:

- (4) a. æ bærre tull da **sjø**
 b. e' ha fått så klenet et handlag, **sjø**, ette den damseilasen

Det er også to eigne oppslagsord *sjø* (adverb) og *sju* (adverb) med tilvising til *serdu*. Utover det som står i Norsk Ordbok, verkar det ikkje vere gjort større forskingsarbeid på den pragmatiske partikkelen *sjø* i norsk.

I neste seksjon (seksjon 2) presenterer vi det empiriske datamaterialet vi har lagt til grunn for denne artikkelen og korleis vi har søkt det opp, og vi viser kor i landet folk nyttar *sjø* og liknande uttalevariantar. I seksjon 3 legg vi fram dei syntaktiske distribusjonsmønstra til *sjø*. Dei pragmatiske bruksmåtene og semantikken til *sjø* er tema i seksjon 4. Som nemnt, påverkar ikkje *sjø* sanningsvilkåra til ei ytring, men hintar om implisitte tolkingar. I analysen trengst det derfor analysemåtar for å skildre ikkje-sanningsfunksjonell betydning og utleiing av implisitt meining, noko ein finn i relevansteorien (Sperber & Wilson 1986/1995). Dette er temaet i seksjon 5. I seksjon 6 analyserer vi ein del autentiske ytringar med *sjø*. Vi forklarar effektar av *sjø* i lys av den spesifikke semantikken vi har foreslått og pragmatiske prinsipp som gield tolking av ytringar meir generelt. Vidare forklarar vi tilsynelatande kontradiktoriske trekk ved *sjø*, og drøftar kvifor *sjø*, på lik linje med mange andre pragmatiske partiklar, blir oppfatta som eit “forsterkande” ord. Seksjon 7 samanfatar artikkelen.

2. Ifølge Arnold Dalen (p.k.) er høflegheitsforma *sji* frå *ser De* dokumentert i Nord-Trøndelag som ein variant av *sjø*. Det stør opp om at *sjø* har det historiske opphavet sitt i ‘ser du’.

2 Datamaterialet

2.1 Om spontantalematerialet og søk i korpuset

Analysane i denne artikkelen er baserte på spontantaledata frå Nordisk dialektkorpus. Dette korpuset består av opptak gjort kring 2005–2010, av ca. 400 personar frå heile landet.³ Informantane er både eldre og yngre, menn og kvinner. Hovudmaterialet er samtaler der informantane frå same målepunkt (opptaksstad) snakkar saman to og to, i tillegg til intervju med ein feltarbeidar. Spontantalen er transkribert og lenka til lyd og bilde. Materialet er også automatisk lemmatisert og tagga for ordklasse og bøyingsform. Transkripsjonen er lyd nær, basert på vanleg alfabet, og denne er også semi-automatisk omsett til ortografisk bokmål. Det er mogleg å søke i begge transkripsjonsstandardane.

Etter søk i korpuset har vi funne rundt 400 døme på bruk av den pragmatiske partikkelen *sjø*.⁴ Desse har vi komme fram til gjennom to typar korpusøk: (i) Søk etter ord med stavemåten *sjø* i den ortografiske transkripsjonen, og (ii) søk etter ulike uttalevariantar av *sjø* i den lyd nære transkripsjonen. I over $\frac{3}{4}$ av dei 400 treffa blir ordet uttalt *sjø*. Den vanlegaste uttalen utover dette er *sje* og *sju*. I tillegg finst det døme med *sji*, *sjå*, *sj*, *su* og *sø*. Som oftast er desse uttalevariantane omsette til *sjø* i den ortografiske transkripsjonen, med berre få unntak. Døme (5) viser dei to transkripsjonsstandardane parallellstilt i eit tilfelle der ortografisk *sjø* er ei omsetting frå uttalevarianten *sje*:

- (5) a. ja æ he verri er å kjika sje (Inderøy, lyd nær transkripsjon)
 b. ja jeg har vært der og kikka sjø (Inderøy, ortografisk transkrip.)

I artikkelen presenterer vi dei aller fleste døma i ei lett tilpassa form, med stor bokstav og punktum (men lite anna teiknsetting), og på nynorsk sidan dette er språket elles i teksten. Vi har òg fjerna nølelydar, pausemarkeringar og gjentakningar så lenge desse trekka ikkje er viktige for å tolke ytringa med *sjø*. Dersom

3. Vi har avgrensa alle søk til *country: Norway* og *rec (year): 2000–2013*. Dermed brukar vi t.d. ikkje opptak frå det eldre Målførearkivet.

4. Søk på ortografisk *sjø* i alle opptak frå Noreg etter år 2000 gir 425 treff. Av desse har 27 tydinga 'hav, vatn'. Dei andre 398 treffa er pragmatiske partiklar, inkludert eit par metaspråklege kommentarar, av typen "I trøndersk sier vi *sjø*". I prosessen med å sortere dei to leksema er det inga tvitydighet. Substantivet *sjø* og den pragmatiske partikkelen *sjø* blir bruka i forskjellige syntaktiske posisjonar og kontekstar, og har også ofte forskjellige uttale. Den pragmatiske partikkelen er alltid trykklett og har kort vokal; substantivet er ofte uttalt med trykk, og har da lang vokal.

konteksten likevel skulle vere uklar, kan lesaren søke opp dømet i Nordisk dialektkorpus for å lytte til opptaket (Johannessen et al. 2009).

Sidan *sjø* (og liknande uttalevariantar) blir rekna som utvikla frå sambandet *ser-du* (jf. Norsk Ordbok u.å.) har vi gjort eigne søk på denne kombinasjonen av verb og pronomen bruka som pragmatisk markør. (6) viser eit eksempel på denne varianten:

(6) Ja nei jeg jobba her i fjor, *ser du*. (Lardal)

Vi har funne ein god del eksempel av denne typen, frå ulike landsdelar.⁵ Vi har også gjort eigne søk på uttalevarianten *se*, som truleg er mest allment kjent som dialektform i Østfold, men som også ser ut til å ha dekt eit større område på Austlandet. (7) viser eitt av rundt 15 døme i korpuset på denne varianten:

(7) Nei så jeg håper ho får litt hygge av det for ho fikk en fin gitar til jul, *se*. (Aremark)

Ut frå den historiske utviklinga er det grunn til å tru at både *ser-du* og *se* har liknande semantiske og pragmatiske eigenskapar som *sjø*, men av plassomsyn, og fordi datamaterialet er relativt lite, vil vi ikkje studere bruken av desse formene vidare i denne artikkelen. Utvalet av eksempel vidare er dermed avgrensa til *sjø*-nære former (*sjø*, *sje*, *sju*, *sjå*, *sji*, *sø*, *sj*). Det å avgjere om dei resterande uttalevariantane av etterstilt *ser du* har nøyaktig dei same bruksmåtane som *sjø*, overlèt vi med andre ord til seinare forskning.

2.2 Geografisk utbreiing, språkbrukarar og register

I Nordisk dialektkorpus er bruk av den pragmatiske partikkelen *sjø* (i ortografisk transkripsjon) registrert på målepunkta i Kart 1 (med blå nål):

Partikkelen er i bruk på alle dei 12 målepunkta i Trøndelag. Dei stadene der *sjø* er mest frekvent, er Oppdal og Fosen (Bjugn/Skaugdalen/Stokkøya) i Sør-Trøndelag og Inderøy og Meråker i Nord-Trøndelag. Det finst òg ein god del treff i Gauldal, Røros, Selbu og Trondheim (Sør-Trøndelag), Lierne og Namdalen (Nord-Trøndelag), Surnadal, inkl. Todalen (Møre og Romsdal) og Alvdal og Dalsbygda (Hedmark). I tillegg er det nokre få døme frå Aure og Bud (Møre og Romsdal), frå Kirkesdalen (Troms) og Sylling (Buskerud). Dei

5. Det vanlegaste, spesielt på Austlandet, er at kombinasjonen *ser du* blir uttalt /'seru/, men det finst også mange døme på /'sedu/ og /'jedu/.

fleste treffa ligg altså innanfor fylkesgrensene til Nord- og Sør-Trøndelag eller i tilgrensande område i sørvest og søraust.



Kart 1: *Sjø* i Nordisk dialektkorpus (ortografisk transkripsjon)

Sjølv om vi berre kan dokumentere at *sjø* blir bruka på dei stadane der det faktisk er gjort opptak, er det rimeleg å anta at dette er ein reell geografisk representasjon for denne pragmatiske partikkelen i dette området av landet. Kart 1 talar med andre ord for at *sjø* blir bruka i det trønderske målområdet, slik dette målområdet er definert i bl.a. Mæhlum & Røyneland (2012). Funna er òg i samsvar med, og utfyller, det som står om *sjø* (og målføreformene *sj*, *sji*, *sju* og *sjv*) i Norsk Ordbok (u.å.). I Norsk Ordbok er desse formene registrerte på fleire stader i Trøndelag, i tillegg til Sunndalen (Nordmøre).

Treffa på Kart 1 frå Sylling i nærleiken av Oslo skil seg ut geografisk sett. Eitt av døma frå Sylling er truleg ein spøk, i form av ein parodi på trøndersk. Den unge guten i informantgruppa har nyleg vore eit år i militæret i Trøndelag, nærare bestemt i Rissa. Informantane snakkar om ulike stader i Noreg der dei har vore, og den unge guten seier at han har vore i Rissa før. Han utdjupar med ytringa i (8) (lydnær transkripsjon). Siste del av ytringa har trøndersk intonasjon.

(8) jæ var i Ressa komune i føssjteganngstjenest'n **sjø** (Sylling)

Samtidig har den eldre mannen frå Sylling to ytringar med setningsfinalt, trykklett *sjø* som verkar heilt autentisk, så det er også mogleg at *sjø* finst som ein pragmatisk partikkel i dialekten. Vi har likevel valt å sjå bort frå desse døma i vår analyse, sidan det er få døme på *sjø* i dette området og sannsynleg at ordet er nytta i parodi.

Det andre avvikande målepunktet på Kart 1 er Kirkesdalen i Målselv kommune i Troms. Denne kommunen blir normalt rekna til det austlandske dialektområdet fordi språket har bore klart preg av tidlegare tilflytting frå Østerdalen. Sidan den pragmatiske partikkelen *sjø* også er i bruk i bl.a. Alvdal, er det sannsynleg at også dette dialektmerket blei med på flyttelasstet, men sidan det ikkje kan verifiserast, ekskluderer vi også desse (få) døma frå dei vidare analysane i artikkelen.

Korpussøka i Nordisk dialektkorpus gir ikkje berre informasjon om geografi, men òg om alder og kjønn på dei personane som nyttar *sjø*. Alle dei autentiske døma vi presenterer seinare i artikkelen, vil ha ein informantkode etter seg. Informantkoden etter det geografiske namnet står for eldre mann (*gm*), eldre kvinne (*gk*), yngre mann (*um*), og yngre kvinne (*uk*).⁶

Totalt er det 61 informantar i korpuset som brukar *sjø* (frå det trønderske målområdet og omegn), og av desse er det 31 menn og 30 kvinner, 32 eldre og 29 yngre. Vi ser altså at litt fleire eldre informantar enn yngre er representert, men meir påfallande er det at dei eldre som nyttar *sjø*, nyttar ordet meir frekvent enn dei yngre. Om lag sju av ti døme med *sjø* er ytra av ein av dei eldre informantane.⁷ Men der partikkelen er mest frekvent, er han også mykje bruka av

6. I korpuset er normalt dei 'eldre' informantane over 50 år, og dei 'yngre' mellom 18 og 30 år.

7. Sjølv om dei eldre informantane her også står for ein større del av tekstmengda (55 % mot 45 %), er det ein klar tendens at dei eldre som nyttar *sjø*, nyttar ordet oftare enn dei unge i dette materialet. Dei unge informantane står for 120 relevante døme på 124 683

dei yngre. På målepunktet Trondheim er han berre bruka av dei to unge informantane, ikkje av dei to eldre.

Når det gjeld språkleg register, har vi berre døme på at *sjø* blir bruka i samtaler, i og med at Nordisk dialektkorpus er bygd opp av transkriberte samtaler.⁸ Søk i skriftspråklege korpus stadfestar at *sjø* er eit ord som er knytt til munnleg register. I Leksikografisk bokmålskorpus, som er eit balansert skriftspråkskorpus på ca. 100 millionar ord, finn vi berre 6 døme på *sjø*, alle i direkte tale (Knudsen og Fjeld, 2013). Til samanlikning finn vi altså 398 døme på 2 millionar ord i Nordisk dialektkorpus, eller 393 døme på 310 000 ord på dei 18 aktuelle målepunkta. Vi har òg funne *sjø* i samtalenært skriftspråk, som på internett, men for det siste har vi berre gjort ei svært avgrensa undersøking (jf. sitata i (2)).

3 Syntaktiske mønster

I datamaterialet vårt har vi berre funne døme på *sjø* i setningar med deklarativ ordstilling, som i (9) nedanfor.

- (9) a. Det er lange aude strekningar der nedover **sjø**. (Oppdal-gm)
 b. Så vi kraup nå oppunder magen på n **sjø**. (Røros-gk)
 c. Nå ja nei det blir topp det **sjø**. (Skaugdalen-um)

Dette tyder på at *sjø* er uakseptabelt både i interrogative, imperative og eksklamative setningsstrukturar:

- (10) a. Du må komme hit, *sjø*. Deklarativ
 b. *Kom hit, *sjø*! Imperativ
 c. *Kjem du hit, *sjø*? Interrogativ
 d. *Så flink du er, *sjø*! Eksklamativ

Vi har heller ikkje funne døme på *sjø* i underordna setningar.

token, altså omtrent eitt *sjø* per 1 000 ord medan dei eldre står for 273 relevante døme på 155 366 token, som vil seie nesten to *sjø* per 1 000 ord.

8. 'Samtaler' er hovudsakleg situasjonar der informantane snakkar saman to og to frå same målepunkt, men det er også intervju med feltarbeidar ein og ein. Totalt 73 tilfelle av 393 (19 %) er frå intervju.

Sjølv om dei setningane *sjø* modifierer, må vere deklorative, er det ikkje eit krav at dei må ha full setningsstruktur. Fleire av *sjø*-ytringane i korpuset er ufullstendige setningar eller setningsfragment, som i (11).

- (11) a. Ja dialekt det **sjø**. (Meråker-gm)
 b. Ja Færbygdene òg **sjø**. (Meråker-gk)
 c. Kjøle populært ja **sjø**. (Gauldal-uk)
 d. Dialekt **sjø** det òg [latter]. (Meråker-gk)

Når *sjø* kjem etter ei ufullstendig setning eller eit fragment, som i desse tilfella, har fragmentet påstandsinnhald (proposisjonelt innhald) på lik linje med ei setning. Det vil seie at fragmentet viser til eit saksforhold og at ytringa i prinsippet kan vurderast som sann eller usann i den aktuelle situasjonen. I (12) ser vi nærare på eitt av døma.⁹

- (12) I: Kor den går hen grensa mellom dei som seier "Grens'n" og "Grensa"?
- A: Nei det er, eg har ikkje høyrte dei har sagt [uforst.] Grens'n heller, så det er vel oppi her antakeleg. (Meråker-gm)
- B: Eg trur nå Færbygdene dei seier "Grinsa". (Meråker-gk)
- A: Ja (uforst.) dialekt det (uforst.) **sjø**. (Meråker-gm)
- B: Dialekt **sjø** det òg [latter] (Meråker-gk)

I denne konteksten kan vi gå ut frå at den siste ytringa til B, *dialekt sjø det òg*, er meint å uttrykke det proposisjonelle innhaldet 'Uttalen *grinsa* er ein dialektvariant av ordet *grensa*.' Så sjølv om *sjø* ikkje alltid er plassert etter ei heil setning, ser det ut til at ordet må opptre i ei ytring med proposisjonelt innhald.

Sjø opptre som regel til slutt i ei ytring, men vi finn òg mange tilfelle der ytringa held fram etter at *sjø* er uttalt:¹⁰

- (13) a. Må prøve å få til ein konsert **sjø** ein stad. (Bjugn-gk)
 b. Vi brukar å ha eit sånt julestykke da **sjø** som vi set opp som heiter "En verden full av nisser" (Gauldal-uk)

9. 'I' står for Intervjuar. 'A' og 'B' står for to samtalepartnarar frå same målepunkt.

10. Truleg spelar intonasjonen ei rolle i desse døma. Etter det vi kan vurdere, nyttar informantane intonasjon for å vise at segmentet som kjem etter *sjø* høyrer til den same intonasjonseininga (og informasjonseininga) som materialet rett føre *sjø*.

- c. Eg angrar faktisk litt på det sjølv **sjø** at ikkje eg har komme meg ut av bygda berre for å prøve noko nytt. (Alvdal-uk)
- d. Nei han sa det **sjø** at han håpa at du heldt ordet ditt om at du skulle ha fest for alle dei som har vore med og hjelpt til. (Oppdal-uk)
- e. A: Herregud det er russetid snart! (Surnadal-uk)
 B: O, gler meg, gler meg ja. (Surnadal-uk)
 A: Sjukt, kva, ni dagar nå. (Surnadal-uk)
 B: Mm neste fredag **sjø** brakar det laus. (Surnadal-uk)

Sjølv om *sjø* ikkje står setningsfinalt i desse døma, står ordet heller ikkje i midtfeltet i setninga. *Sjø* står her på plassar i setninga der det er naturleg med apposisjonar. I dei fleste døma i (13) blir det proposisjonelle innhaldet i ytringa først klart når heile ytringa er tolka, men også her finn vi *sjø* i ytringar med proposisjonelt innhald. Den appositive plasseringa til *sjø* framhevar den delen av ytringa som kjem føre *sjø*.

I sum ser vi altså at den pragmatiske partikkelen *sjø* plasserer seg som eit appositivt eller høgreadjungert adledd til ei deklarativ hovudsetning eller eit tilsvarende setningsfragment med proposisjonelt innhald.¹¹

4 Pragmatiske funksjonar og semantisk betydning

Vi har nå sett kor i landet ein brukar *sjø* og i kva for syntaktiske posisjonar ordet kan plasserast. Men kva kommuniserer ein i ei ytring med *sjø*? Kva pragmatiske funksjonar har ordet, og kva tyder ordet i seg sjølv? I dei neste seksjonane vil vi presentere døme som syner korleis *sjø* fungerer i ulike situasjonar. I 4.4 argumenterer vi for at dei mønstera vi finn kan samanfatast i ein semantikk for *sjø*.

Metoden vi har nytta for å vurdere funksjonen til *sjø* basert på korpusdata, er den same som er drøfta meir inngåande i Borthen & Knudsen (2014). Kort fortalt har vi sett på kva som kjenneteiknar dei situasjonane og ytringane der *sjø* blir nytta i korpuset, og vi har konsultert den språklege intuisjonen vår for å vurdere kva som blir kommunisert i *sjø*-ytringane samanlikna med tilsvarende (hypotetiske) ytringar utan *sjø*. I tillegg har vi gjennomført ei spørjeundersøking med 20 trønderske informantar for å etterprøve intuisjonane våre. Ettersom re-

11. Vi har valt ei mest mogleg teori-uavhengig skildring av syntaksen til *sjø*, men sjå Vangsnes (2008) for ei syntaktisk analyse av venstre- og høgperiferien i skandinavisk. Det følger av analysen til Vangsnes at *sjø* vil vere assosiert med CP-domenet.

sultata frå spørjeundersøkingane berre gjeld nokre få døme, presenterer vi desse resultatane i fotnotar for dei døma det gjeld. I denne artikkelen er det i hovudsak resultatane frå korpusundersøkinga som ligg til grunn for analysen.¹²

4.1 Forklaring og grunngeving

I Norsk Ordbok (u.å.) står det at *sjø* mellom anna blir bruka etter setningar der ein har forklart noko. Dette stemmer godt med mange av døma frå korpusundersøkinga vår. (14) er eit døme på denne bruken av *sjø*.

- (14) A: Så trenar du nå du? (Gauldal-um)
 B: Ja nei eg har sånn problem med knea **sjø**. (Gauldal-uk)

I (14) brukar person B *sjø* i ei ytring som seier at B har problem med knea sine. Dette er ei utdjuping av, og forklaring på, kvifor ho svarar *nei* på A sitt spørsmål om ho trenar nå, for dersom ein har mykje vondt i knea følger det at ein truleg ikkje trenar. Intuitivt antydar *sjø* både at ytringa *Eg har sånn problem med knea sjø* er ei forklaring eller grunngeving for svaret B gir, og at innhaldet i ytringa er noko tilhøyraren kanskje ikkje var klar over og bør merke seg.¹³

Også i (15) representerer *sjø*-ytringa ei forklaring.

- (15) A: Kva gjorde du etter det da, var det tok du noko arbeid? (Inter-
 vjuar)
 B: Nei eg gjorde ikkje det til å begynne med *sjø* for eg var heime med ungane. Det var ikkje noko barnehage eller noko sånn åt ungane da **sjø**. (Røros-gk)

12. Spørjeundersøkinga blei distribuert elektronisk til 20 trønderske informantar. Informantane blei bedne om å samanlikne døme på bruk av *sjø* i kontekst med dei same ytringane utan *sjø*, og å ta stilling til om dei var 'einig' eller 'ueinig' i seks utsegner om effekten av *sjø*. Tre av utsegnene for kvart eksempel var tolkingar som andre pragmatiske partiklar legg til rette for, medan tre av utsegnene var effektar vi rekna som sannsynlege for *sjø*: 1) Med *sjø* blir det tydelegare at personen kjem med ei forklaring (eller stadfesting); 2) med *sjø* antydar talar at tilhøyrar kanskje ikkje var klar over innhaldet i ytringa; og 3) med *sjø* forsterkar talar utsegna si. Informantane kunne òg legge til andre kommentarar. Spørjeundersøkinga blei gjennomført i 2016.

13. 16 av 20 trønderske informantar var einige i at B si ytring i (14) blei meir tydeleg ei forklaring når *sjø* var til stades enn når *sjø* ikkje var til stades. 18 av 20 informantar var einige i at *sjø* hadde ein forsterkande effekt, og 17 av 20 var einige i at *sjø* antydar at A ikkje var klar over at B hadde problem med knea. Dei same informantane avviste andre hypotetiske effektar av *sjø*.

B svarar nektande på om ho jobba på eit visst tidspunkt, og utdjuvar seinare – i ei ytring med *sjø* – at det ikkje eksisterte barnehagar da B hadde små ungar. Det at *sjø* er til stades gjer det tydelegare enn elles at ytringa skal tolkast som ei forklaring på kvifor B ikkje jobba, og som noko tilhøyraren kanskje ikkje visste om.

I (16) er det som blir forklart med *sjø*-ytringa ikkje direkte tilgjengeleg i ytringa rett føre.¹⁴

- (16) A: Det er så bra å vere i Praha, det er konsertar vi kan gå på heile tida! (Bjugn-gk)
 B: (Jasså. Ja vel.) Var det kjente artistar der, eller? (Bjugn-gm)
 A: Nei det var det vel ikkje da vi var der nei, men det har ikkje så mykje å seie det **sjø**. (Bjugn-gk)

I (16) seier person A først at det er bra å vere i Praha. Person B prøver å finne ut kva som var bra med Praha, og spør om det var kjente artistar der. A svarar at det ikkje var det, og legg til *men det har ikkje så mykje å seie det, sjø*. Innhaldet i denne *sjø*-ytringa forklarar ikkje innhaldet i ytringa føre (kvifor det ikkje var kjente artistar i Praha), men heller kvifor A syntest det var bra å vere i Praha trass i at det ikkje var kjente artistar der. Med andre ord, det som *sjø*-ytringa forklarar er ikkje direkte nemnt i ei tidlegare ytring; *sjø*-ytringa forklarar noko som følger frå fleire tidlegare utsegner. I tillegg er det tydeleg at innhaldet i *sjø*-ytringa er ny informasjon for tilhøyraren og blir presentert som nettopp det.

I dei føregåande døma er det som blir forklart med *sjø*-ytringa nettopp kommunisert direkte eller indirekte i samtala, og *sjø*-ytringa opptreir etter eit svarord, men slik treng det ikkje alltid vere. I (17) er innhaldet i *sjø*-ytringa ei forklaring på noko uventa som skjer i opptakssituasjonen.

- (17) [*Informanten ammar babyen sin under intervjuet. Plutseleg stoppar ungen og kikkar opp*]
 Eg trur folk har meir dårleg tid nå enn før. Eg trur det. Mm. Du må ete nå.
 [*latter*] Begynner å bli nysgjerrig, **sjø**. (Alvdal-uk)

14. Samtala som er vist her, er ein forkorta versjon av ein lengre passasje informantane har om temaet.

Det at ungen begynner å bli nysgjerrig, blir lagt fram som ei forklaring på kvifor babyen stoppar å ete og kikkar opp. Meir generelt er det slik at *sjø* ikkje legg restriksjonar på *korleis* det som blir forklart eller grunnlagt er tilgjengeleg for tilhøraren. Det kan til dømes ha vore nemnt med eit svarord, ha vore nemnt med ei setning, berre antyda, eller det kan vere noko som kan observerast i dei fysiske omgivnadene. Det einaste som krevst, er at tilhøraren er i stand til å slutte seg til kva *sjø*-ytringa skal forklare eller grunnlagi.

4.2 Stadfesting

Ut frå dataa i den førre seksjonen ser vi at *sjø* kan bli nytta ved utdjupande forklaring eller grunngeving, særleg etter eit svarord, og at ordet antydar at tilhøraren kanskje ikkje var klar over innhaldet i ytringa frå før. Men dette er ikkje den einaste bruksmåten for *sjø*. I korpuset vi har undersøkt, finn vi mellom anna følgande døme:

- (18) a. A: Ja er han yrkesfiskar? (Skaugdalen-gm)
 B: Ja han er det **sjø**. (Skaugdalen-gk)
- b. B: Ja men det blir nå bingo på skulen nå da.
 (Skaugdalen-uk)
 A: Blir det det? (Skaugdalen-um)
 B: Ja blir det **sjø**. (Skaugdalen-uk)
- c. [Om gauper i området]
 A: Dei skaut visst nokså mange trur eg. (Inderøy-gk)
 B: Ja dei gjorde det **sjø**. (Inderøy-gm)
- d. [Om feltarbeidarane]
 A: Nei vi er da vel nøydd om å vente til dei kjem inn.
 (Inderøy-gm)
 B: Ja må vel det **sjø**. (Inderøy-gk)

I døma ovanfor blir ikkje *sjø* nytta i forklaringar, men i ytringar som *stadfestar* noko som tilhørarar nettopp har spurt om eller antyda, og som talar har svara stadfestande *ja* eller *nei* på. Tilhøraren er litt usikker, og den som ytrar seg med *sjø* gjer det tydeleg både med svarordet *ja/nei* og med *sjø*-ytringa at hen kan stadfeste det den andre var usikker på. Vi såg òg eit slikt eksempel i (15), der den første bruken av *sjø* er stadfestande medan den neste er forklarande. Intonasjonsfraseringa i desse døma vil typisk være med polaritets-fokus, altså fokal aksent på tempusverbet i setninga, som i *Ja, han ER det sjø* (sjå omtale av polaritetsfokus i norsk i t.d. Fretheim 1992; Nilsen 1992). Dette er ei intona-

sjons-frasering som viser at den einaste nye informasjonen i ytringa er den positive polariteten, altså det at talaren stadfestar at hen meiner at ytringa er sann.

På same måte som i tidlegare døme blir innhaldet i *sjø*-ytringane i (18) presentert som noko som tilhøyraren ikkje nødvendigvis visste eller var sikker på. I ytringane i (19) ser det derimot ut til at talar og tilhøyrar sit inne med nøyaktig den same kunnskapen eller innsikta.

- (19) a. A: Det er lett å bli blind på pengane. (Inderøy-um)
 B: Ja det er det **sjø**.¹⁵ (Inderøy-uk)
- b. A: Du ser dei kartverka som kjem nå i dag, veit du, det er jo ikkje med noko mykje namn. (Meråker-gm)
 B: Nei det er ikkje det **sjø**. (Meråker-gk)
- c. A: Nei du veit, det har ikkje vore noko regn så mykje nå på lange tider da. (Inderøy-gk)
 B: Nei har ikkje det **sjø** så. (Inderøy-gm)
- d. A: Eg synest det såg så rart ut. (Bud-um)
 B: Men hugsar du om det var ein stor hage utanfor der? (Bud-uk)
 A: Var nå ikkje det på oppsida iallfall. (Bud-um)
 B: Nei, men eg kan ikkje forstå at det var på nedsida heller, for det var så bratt. Og ho Mari sa at det var nå eit grått hus med raudt tak. Grått murhus med raudt tak. (Bud-uk)
 A: Ja det var kanskje det **sjø**. (Bud-um)

I desse døma er innhaldet i *sjø*-ytringa meir eller mindre ei gjentaking av det samtalepartnaren nettopp sa, og innhaldet i ytringa blir ikkje presentert som noko nytt for tilhøyraren. Det er til dømes ikkje ny informasjon for A i (19a) at det er lett å bli blind på pengane, og B gir heller ikkje dette inntrykket med *sjø*-ytringa si. Vi vil likevel hevde at *sjø* antydar noko om tilhøyrarens kjennskap til og tileigning av ytringsinnhaldet også i desse døma. I (19a), til dømes, får ein inntrykk av at person A nyleg har gjort seg ei erfaring om at det er lett å bli

15. I den elektroniske undersøkinga vi gjennomførte, svara 19 av 20 informantar at det blir tydelegare med *sjø* i (19a) at den som seier dette stadfestar ('bekrefter') det som nettopp blei sagt, medan 17 av 20 var ueinige i ein påstand om at *sjø* antydar at tilhøyrar kanskje ikkje var klar over innhaldet i ytringa. Informantane var delte i synet på om *sjø* verkar forsterkande i desse døma; 12 meinte at *sjø* hadde denne effekten medan 8 meinte det motsatte.

blind på pengane og at B har hatt denne innsikta lenger enn A. *Sjø*-ytringa blir som eit klapp på skuldra til person A om at dei begge er hjarteleg einige i det som A nå har innsett.

At *sjø* i stadfestande ytringar gjer at ein lettare tolkar ytringa i lys av det tidlegare tidspunktet der tilhøyraren ikkje var klar over innhaldet i ytringa, men innsåg dette, ser vi spesielt tydeleg dersom vi samanliknar med tilsvarende ytringar utan *sjø*. Dømet nedanfor er oppkonstruert:

- (20) A: Eg heiter Per.
 B: Ja, du gjer det.
 B2: Ja, du gjer det *sjø*.

Ifølge intuisjonane våre antydar B2 med *sjø* at tilhøyraren tidlegare ikkje var klar over (eller ikkje gav inntrykk av å vere klar over) kva han heitte.

Så langt har vi altså sett to ulike bruksmåtar av *sjø*: (i) Ved forklaringar der talaren antydar at innhaldet i ytringa truleg er ny informasjon for tilhøyraren, og (ii) når talaren stadfestar noko som tilhøyraren har innsett. I døme av type (i) ser det òg ut til at *sjø* får ein slags forsterkande effekt (“legg merke til dette”), medan det ikkje nødvendigvis gjeld for den andre bruksmåten. I seksjon 4.3 skal vi vise at *sjø* kan nyttast på minst éin måte til, og i seksjon 4.4 argumenterer vi for at alle desse bruksmåtene har ein fellesnemnar.

4.3 Implisitt støtte

Gjennom korpusundersøkinga vår har vi funne påfallande mange ytringar der *sjø* opptre saman med adverbet *øg*. Nokre av desse er lista opp i (21):

- (21) a. Og så er det to helger òg **sjø**. (Gauldal-gm)
 b. Og noko så gale òg **sjø**. (Gauldal-gk)
 c. Ja det har vore litt hardt òg **sjø** nokon gonger. (Meråker-gk)
 d. Men eg begynner å bli gammal eg òg **sjø**. (Selbu-gm)

Når ein ser nærare på desse døma, viser det seg at *sjø*-ytringa iblant verken er ei forklaring eller ei stadfesting av det som nettopp blei nemnt. I (22) ser vi eit slikt døme med kontekst:

- (22) A: For det var jo berre ruinane som sto på gammalkyrkja, og så bygde dei på tak. (Skaugdalen-gm)
 B: (...) Ja det stemmer da det ja. (Skaugdalen-gk)

- A: (...) Aldri vore inni a eg. Men kor ho er pussa opp, det veit ikkje eg. (Skaugdalen-gm)
- B: Nei eg har ikkje vore inni heller, men eg har nå sett ho på avstand. Nei det er mykje interessant. Og så skal det vere ein plass dei syr bunad og sånt **òg sjø**, innpå ved der. (Skaugdalen-gk)

Her snakkar A og B om ein stad der det er ei kyrkje, og det ser ut til at det dei diskuterer er om dette er ein interessant plass eller ikkje. Ytringa med *òg* og *sjø* er ikkje ei forklaring og heller ikkje ei gjentaking og stadfesting av noko som nettopp er blitt sagt. Ein kan heller seie at innhaldet i *sjø*-ytringa – det at det finst ein plass der dei syr bunader og slikt noko på denne staden – er eitt av fleire forhold som *indirekte støttar opp om* at dette er ein interessant plass. Kyrkja som er pussa opp er eitt forhold som talar for dette, bunadssynginga eit anna. (23) viser dette skjematisk:

- (23) [Spørsmål som samtala dreiar seg om: *Er dette ein interessant plass?*]
- a. Det er ei oppussa, gammal kyrkje der.
=> Slutning: Dette er ein interessant plass.
 - b. Det er ein plass der kor dei syr bunader og sånt.
=> Slutning: Dette er ein interessant plass.

Ifølge Blakemore (1992) og Blass (1990) finst det pragmatiske partiklar som signaliserer diskursrelasjonen *parallel implikasjon* ('parallel implication'). Slike ord antydgar at tilhøyraren skal trekke slutningar som er parallelle med, eller liknar, slutningar som er utleidde frå tidlegare ytringar. Dette gjeld til dømes dei engelske orda *too* og *also*, og tyske *auch*. Viss vi antar at norsk *òg* er eit slikt ord, kan vi altså forvente at ei ytring med *òg* skal føre til slutningar som er relevante på ein liknande måte som ei tidlegare ytring. Med denne analysen føreseier vi at ytringa *Og så skal det vere ein plass dei syr bunad og sånt òg sjø, innpå ved der*, skal føre til slutningar som liknar slutningar ein har trekt frå tidlegare ytringar. Det at det er ei oppussa, gammal kyrkje på staden, har ført til ein konklusjon om at dette er ein interessant plass, og dette med bunadssynginga kan tolkast som eit argument for det same. Med andre ord: *Sjø*-ytringa i (23) bidrar indirekte med eit argument i favør av eit allereie framsett syn på verda, nemleg at staden dei pratar om, er ein interessant plass.

4.4 Ein førebels semantikk for *sjø*

Sjølv om døma i seksjon 4.1–4.3 er ulike, er det òg likskapar mellom dei. Vi har sett at *sjø* blir bruka i ytringar som skal tolkast som forklaringar, stadfestingar, eller som å implisitt støtte opp om noko som har vore antyda tidlegare. Desse bruksmåtene har noko felles: Det *sjø*-ytringa omtalar, *støttar opp om* og utdjupar eit saksforhold eller syn på verda som er kontekstuel tilgjengeleg på eitt eller anna vis. Vi kan sjå mønsteret tydelegare med dei oppkonstruerte døma i (24):

- (24) a. **Stadfesting**
 A: Det er dyrt.
 B: (Ja). Det er det, *sjø*.
 (Støttar opp om at det er dyrt ved direkte stadfesting)
- b. **Forklaring**
 A: Blir det dyrt?
 B: Ja. Dei har sett opp prisen, *sjø*.
 (Støttar opp om at det blir dyrt gjennom ei forklaring på kvifor)
- c. **Implisitt støtte**
 A: Denne steika kostar 500 kroner. (→ Det blir dyrt)
 B: (Ja). Og sausen er rådyr han òg, *sjø*. (→ Det blir dyrt)
 (Støttar opp om at det blir dyrt ved at ytringa impliserer at det blir dyrt)

Det som er felles for alle desse døma, er at vi har å gjere med den diskursrelasjonen Blakemore (1987) omtalar som *bakoverstøtte* ('backwards support'): *Sjø* instruerer tilhøyraren om å tolke innhaldet i ytringa som å *støtte opp om* eller styrke eit saksforhold eller syn på verda som er tilgjengeleg i konteksten. I tillegg har vi hevda at *sjø* gir ekstra merksemd til det at tilhøyraren tileignar seg innhaldet i ytringa. Innhaldet i *sjø*-ytringa blir presentert som noko som enten er ny informasjon for tilhøyrarar nå, eller informasjon som tilhøyraren tidlegare ikkje var klar over, men har tileigna seg. I tråd med dette foreslår vi følgande semantikk for *sjø*:

(25) **Semantikk for *sjø* (førebels versjon)**

I ei ytring $Y_{[\text{deklarativ}]}$ som inneheld *sjø* og blir bruka til å kommunisere proposisjonen p ,

- i) tolk Y i lys av at p støttar opp om ei kontekstuellet tilgjengeleg antaking q , og
- ii) tolk Y i lys av at tilhøyrar blei gjort kjent med p ved tidspunkt t .

Ifølge (25) skal ytringa som *sjø* modifierer, ha deklarativ syntaks. Dette treng ikkje vere ei fullstendig setning, men ytringa må bli bruka til å kommunisere ein proposisjon p , altså noko som i prinsippet kan bli vurdert som sant eller usant. Det at saksforholdet q må vere kontekstuellet tilgjengeleg, legg ingen restriksjonar på *korleis* q kan være kontekstuellet tilgjengeleg. Som vi såg i seksjon 4.1 kan det aktuelle saksforholdet ha vore nemnt eksplisitt av talar eller tilhøyrar, det kan vere noko ein kan observere i dei fysiske omgivnadene, eller noko ein har slutta seg til ut frå det som nettopp har vore sagt. Punkt (i) i (25) seier at innhaldet p i *sjø*-ytringa skal støtte opp om ei kontekstuellet gitt antaking q . På kva måte p støttar opp om q , kan variere frå døme til døme, avhengig av kontekst. Det kan til dømes vere i form av ei stadfesting, ei forklaring, eller ved at p impliserer q indirekte. Punkt (ii) i (25) seier at p blir presentert som noko tilhøyraren blei gjort kjent med på eit tidspunkt t . Dette tidspunktet vil, med mindre ytringa tyder på noka anna, bli tolka som ytringsaugeblikken. I så fall blir innhaldet i ytringa presentert som noko som truleg er ny informasjon for tilhøyrar. Men tidspunktet t kan òg vere eit tidlegare tidspunkt da tilhøyraren tileigna seg kunnskapen om p , noko som gir opphav til tolkingar av typen “Som du har innsett, er det slik-og-slik”. Kva tolking ein får, kjem delvis an på kva for diskursrelasjon ytringa realiserer. Ved den *forklarande* bruken av *sjø* er det nærliggande å tolke innhaldet i ytringa som noko som er ny informasjon for tilhøyrar. Ved den *stadfestande* bruken er det klart ut frå konteksten og intonasjonsfraseringa at informasjonen ikkje er ny for tilhøyrar her og nå, og ein kan til dømes få ei tolking som seier at talaren allereie har meint det som tilhøyraren nyleg har innsett.¹⁶

16. Dersom det er rett at *sjø* kodar ein restriksjon som går på eit kunnskapsmessig «forsprang» til talar, kan dette knytast til den opphavlege tydinga til *ser du*. Ein kan førestille seg at *ser du* kunne tolkast som ei oppfordring til tilhøyrar om å observere noko nytt – og dermed få ny informasjon (som i «Det er tomt, ser du»), men òg som ei skildring av noko tilhøyrar allereie observerer, som i «Det er tomt,» «Ja, det er det, ser du». I det siste tilfellet er ikkje informasjonen om at det er tomt ny for tilhøyrar, men i og med at talar

5 *Sjø* og relevanst teori

5.1 Eksplikaturar og implikaturar

Sjølv om vi nå har eit forslag til kva *sjø* betyr, er det eitt vesentleg spørsmål vi ikkje har svara på ennå: Kvifor vel språkbrukarar å nytte *sjø* når det finst andre måtar å uttrykke omtrent det same på, blant anna den same ytringa utan *sjø*? For å svare på dette vil vi starte med å samanlikne dei fire svara til person B i (26) nedanfor. (26c) representerer den opphavlege, autentiske ordvekslinga i (14),¹⁷ medan (26a), (26b) og (26d) er oppkonstruerte:

- (26) a. A: Trenar du nå?
B: Nei. Eg har så problem med knea.
- b. A: Trenar du nå?
B: Nei. Grunnen er at eg har så problem med knea.
- c. A: Trenar du nå?
B: Nei. Eg har så problem med knea, **sjø**.
- d. A: Trenar du nå?
B: Nei, for eg har så problem med knea, **sjø**.

I alle desse tilfella kan B kommunisere følgande tre tankar med ytringa si, men på ulike vis:

- (27) a. B trenar ikkje nå.
b. B har problem med knea sine.
c. Årsaka til at B ikkje trenar nå, er at B har problem med knea sine.

Dersom vi ønsker å skildre tydinga til *sjø*, må vi kunne gjere greie for kva som skil døma i (26) frå kvarandre.

Det relevanstteoretiske rammeverket (sjå t.d. Sperber & Wilson 1986/1995; Wilson & Sperber 2004) tilbyr eit omgrepsapparat som kan hjelpe oss med å gjere greie for skilnadene mellom døma i (26). Ifølge relevanstteorien tolkar språkbrukarar ytringar delvis ved å avkode betydninga til orda og delvis ved å

peikar det ut for tilhøyrar, er det sannsynleg at talar har hatt tilgang til informasjonen lenger enn tilhøyrar og ønsker å kommunisere dette.

17. Vi har endra *sånn problem med knea* til *så problem med knea* i (26), men elles er det ingen andre endringar, og innhaldet i (26c) er det same som i den opphavlege ytringa i (14).

“fylle inn” det som blir kommunisert, men ikkje sagt med reine ord. Denne prosessen blir kalla *pragmatisk beriking* (‘pragmatic enrichment’). Både avkoding av lingvistisk meining og pragmatisk beriking av det “uuttalte” kjem i ulike former. Meining utgjer ikkje éin enkelt kategori, men fleire ulike, og desse tydingskategoriane skal vise seg å kunne skilje døma i (26) frå kvarandre.

La oss først sjå på dømet i (26a). Ytringa til B, *Nei. Eg har så problem med knea*, blir berika på fleire vis. Svarordet *nei* blir tolka som eit negativt svar på A sitt spørsmål og står for det proposisjonelle innhaldet ‘B trenar ikkje nå’. I setninga *Eg har så problem med knea* refererer pronomenet *eg* til person B, og *problem med* blir tolka meir spesifikt som det at B har fysiske smerter som gjer B ute av stand til å trene. I tillegg er det rimeleg at A vil tolke inn ein årsaks-samanheng mellom dei to utsegnene til B: ‘Årsaka til at B ikkje trenar nå, er at B har fysiske smerter i knea’. Dette er noko A kan slutte seg til fordi A veit at dersom ein har smerter i knea, er det vanskeleg å trene. Desse tolkingane er representerte i Tabell 1 nedanfor. Som det kjem fram av den høgre kolonnen i tabellen, svarar dei ulike tolkingane til ulike meiningskategoriar i det relevantsteoretiske rammeverket.

Tabell 1: Tolking av ytringa *Nei. Eg har så problem med knea*

Ytring	Tolking	Kategori
<i>Nei.</i>	B trenar ikkje nå for tida	Eksplikatur
<i>Eg har så problem med knea</i>	B har problem med [= smerter i] knea sine	Eksplikatur
	Dersom ein har smerter i knea, kan ein ikkje trene	Implisert premiss
	Grunnen til at B ikkje trenar nå for tida, er at B har smerter i knea	Implisert konklusjon (implikatur)

Legg merke til at tolkinga ‘Grunnen til at B ikkje trenar nå for tida, er at B har smerter i knea sine’ i Tabell 1 blir kategorisert som ein *implikatur av ytringa* *Eg har så problem med knea*. Tolkinga ‘B har smerter i knea sine’ er *eksplikaturen* til den same ytringa. Ifølge Sperber & Wilson (1986/1995) og Carston (2002: 377) er ein eksplikatur ein kommunisert proposisjon som er ei vidareutvikling av den ibuande tydinga til orda i ytringa, medan implikaturar kjem fram gjennom slutningar. Ein implikatur vil ofte vere ein konklusjon som følger av eksplikaturen til ytringa saman med kontekstuelle antakingar. I Tabell 1 er denne kontekstuelle antakinga representert som ‘Dersom ein har smerter i knea, kan ein ikkje trene’. Dette er ei kontekstuell

antaking som den som høyrer ytringa må ta omsyn til for å kunne slutte seg til den impliserte konklusjonen. Slike kontekstuelle antakingar blir kalla *impliserte premissar* i det relevante teoretiske rammeverket (Sperber & Wilson 1986/1995; Carston 2002).

Nå kan vi samanlikne tolkinga av B si ytring i (26a) med tolkinga av B si ytring i (26b): *Nei. Grunnen er at eg har så problem med knea.*

Tabell 2: Tolking av ytringa *Nei. Grunnen er at eg har så problem med knea*

Ytring	Tolking	Kategori
<i>Nei.</i>	B trenar ikkje nå for tida.	Eksplikatur
<i>Grunnen er at eg har så problem med knea</i>	Grunnen til at B ikkje trenar nå for tida, er at B har smerter i knea sine	Eksplikatur

Skilnaden mellom B-ytringane i (26a) og (26b) er at årsaksrelasjonen mellom problema med knea og det at B ikkje trenar er uttrykt som ein del av ytringas eksplikatur i (26b), medan dette berre er implisitt kommunisert i form av ein implikatur i (26a). Det at årsaksrelasjonen er kommunisert i form av ein eksplikatur i (26b) med *grunnen er*, betyr at årsakstilhøvet er noko talaren må stå heilt og fullt til rette for, ifølge det relevante teoretiske rammeverket. I (26a) er derimot årsaksrelasjonen implisert, og meir av ansvaret for tolkinga er lagt på skuldrene til tilhøyraren. Person B kan med andre ord kommunisere det same innhaldet med ytringane i (26a) og (26b), men på ulike vis.

5.2 Prosedural betydning og restriksjonar på implikaturar

Diskursrelasjonar kan kommuniserast implisitt eller eksplisitt, men kva med *sjø* i (26c), *Nei. Eg har så problem med knea, sjø*. Til kva kategori høyrer B-ytringa med *sjø*? Intuitivt er årsakssamanhengen i (26c) kommunisert meir direkte og eksplisitt enn i (26a), men mindre direkte og eksplisitt enn i (26b).

Innanfor relevante teorien skil ein mellom *begrepsmessig* ('conceptual') og *prosedural* ('procedural') betydning (Blakemore 1987; Wilson & Sperber 1993). Dersom eit ord har begrepsmessig betydning, kan vi relativt lett sjå for oss meininga, som til dømes for orda *kne*, *problem* og *grunn*, og vi kan relativt lett parafrasere meininga. Prosedural betydning er vanskelegare å parafrasere. Prosedurale ord bidrar med restriksjonar på den slutningsbaserte fasen av tolkinga av ei ytring, til dømes restriksjonar på utleiinga av implikaturar. Nokre døme på prosedurale ord er engelske *so*, *well*, *but* og *after all* (Wilson & Sperber 1993).

Sjø føyer seg inn blant dei prosedurale orda ved at dette ikkje er eit ord med ei meining ein lett kan skildre. Dessutan påverkar *sjø* aldri sanningsvilkåra i ei ytring, noko som betyr at ordet ikkje bidrar med innhald til proposisjonen til ytringa. I lys av dette kan vi analysere *sjø* som eit ord som kodar prosedural, ikkje-sanningsfunksjonell betydning. Meir presist gir *sjø* eit hint om kva slags implikaturar tilhøyraren skal utleie. I lys av dette foreslår vi følgande reviderte semantikk for *sjø*:

(28) **Prosedural semantikk for *sjø* (restriksjonar på implikaturar)**

I ei ytring $Y_{[\text{deklarativ}]}$ som inneheld *sjø*, uttrykker proposisjonen p og kommuniserer eksplikaturen $e(p)$,

- i. tolk Y i lys av at $e(p)$ støttar opp om ei kontekstuell tilgjengeleg antaking q , og
- ii. tolk Y i lys av at tilhøyrar blei gjort kjent med $e(p)$ ved tidspunkt t .

Nå kan vi gjere greie for skilnaden mellom dei tre første døma i (26). I (26a), *Nei. Eg har så problem med knea*, er årsakssamanhengen mellom problema med knea og fråveret av trening ikkje lingvistisk uttrykt i det heile, og tolkinga ‘Grunnen til at B ikkje trenar nå, er at B har smerter i knea sine’ er kommunisert indirekte, som ein rein implikatur. I (26b), *Nei. Grunnen er at eg har så problem med knea*, er årsakssamanhengen uttrykt med eit leksikalsk, begrepsmessig ord, og tolkinga ‘Grunnen til at B ikkje trenar nå, er at B har smerter i knea’ er ein eksplikatur og tydelegare kommunisert enn i (26a). I (26c), *Nei. Eg har så problem med knea, sjø*, er den same tolkinga ein implikatur, som i (26a), men denne gongen har tolkinga fått ein “kick-start” ved at *sjø* er til stades. I tillegg antydar *sjø* at tilhøyrar ikkje var klar over det som talaren seier. Ei mogleg tolkingsrekke for ytringa *Nei. Eg har så problem med knea, sjø* i (26c) er skissert i Tabell 3.

Sjø signaliserer at eksplikaturen til ytringa skal tolkast som å støtte opp om ei kontekstuell gitt antaking, til dømes ved å representere ei forklaring. Det som i første rekke skil *sjø*-ytringa i (26c) frå den tilsvarande ytringa i (26a) utan *sjø*, er at tilhøyraren vil vere meir tilbøyeleg når *sjø* er til stades, til å tolke inn ei forklaring via den kontekstuelle antakinga d) i Tabell 3, og dermed lande på implikatur e). Dette forklarar kvifor ytringa i (26c), med *sjø*, intuitivt står i ein mellomposisjon mellom (26b), der årsakstilhøvet er kommunisert eksplisitt, og (26a), der årsakstilhøvet er kommunisert reint implisitt. I tillegg antar vi at *sjø* signaliserer at ytringa skal tolkast i lys av at tilhøyrar blei gjort kjent med $e(p)$

Tabell 3: Tolking av ytringa *Nei. Eg har så problem med knea, sjø*

Ytring	Innhald/ tolking	Kategori
<i>Nei.</i>	a) B trenar ikkje nå for tida	Eksplikatur (q)
<i>Eg har så problem med knea</i>	b) B har problem med [= smerter i] knea sine	Eksplikatur (e(p))
<i>sjø</i>	c) jf. (28): Tolk e(p) som å støtte opp om ei kontekstuell antaking q og i lys av at tilhøyrar blei/blir gjort kjent med e(p) ved tidspunkt t	Semantisk innhald (utgangspunkt for pragmatisk tolking)
	d) Dersom ein har smerter i knea kan ein ikkje trene	Implisert premiss
	e) Grunnen til at B ikkje trenar nå for tida, er at B har smerter i knea	Implikatur, følger frå b), c) og d)
	f) A var truleg ikkje klar over at B har smerter i knea sine	Implikatur, følger frå c) saman med konteksten

ved tidspunkt *t*, noko som i denne konteksten gjer det naturleg å tolke inn ein implikatur om at tilhøyrar truleg ikkje var klar over innhaldet i ytringa frå før. Frå dette kan tilhøyraren òg trekke vidare slutningar, men implikaturane i Tabell 3 er etter vår meining dei mest framståande i denne konteksten.

Siste eksempel i (26) er (26d), *Nei, for eg har så problem med knea, sjø*, der *sjø* førekjem saman med konjunksjonen *for*. Korpusundersøkinga vår har vist at denne kombinasjonen er vanleg, og vi ser eit slikt autentisk døme i t.d. (1a). Det at *sjø* opptreir saman med *for* tyder på at semantikken til dei to orda er kompatible med kvarandre. Dette stemmer med semantikken i (28). Konjunksjonen *for* er omtalt som eit ord med tydinga ‘grunn, årsak’ i ordbøkene, så i lys av (28) er det som forventa at *for* er kompatibel med *sjø*, som kodar at innhaldet i setninga skal tolkast som å støtte opp om ei kontekstuell gitt antaking. Men kvifor ha med *for* i ei ytring med *sjø*, som uansett ville blitt tolka som ei forklaring? Éin del av svaret er at semantikken til *sjø* er kompatibel med fleire tolkingar enn berre forklaring, noko som betyr at *for* gjer ytringa meir eintydig. Når det gjeld kvifor språkbrukarar vel å ha med *sjø* når *for* er til stades, meiner vi at grunnen må vere at *sjø* også har noko anna å bidra med enn *for*. Ifølge analysen vår vil dette “vesle ekstra” vere punkt (ii) i (28). Til dømes vil (26d), *Nei, for eg har så problem med knea, sjø*, med både *for* og *sjø*, føre til andre kommunikative effektar enn tilsvarende ytring med berre *for*, mellom anna ‘Dette er noko du truleg ikkje var klar over’.

5.3 Relevans

Kva er det styrande prinsippet når vi tolkar inn betydningsaspekt som ikkje er språkleg koda? Svaret relevansteorien gir på dette, er at pragmatisk beriking er ein prosess som er styrt av kognitive prinsipp, blant anna *Det kommunikative relevansprinsippet* (Wilson & Sperber 2004: 612). Det kommunikative relevansprinsippet seier at alle handlingar med tydeleg kommunikativ intensjon (deriblant ytringar retta mot ein tilhøyrar) formidlar eit løfte om at ytringa er optimalt relevant for den ho er retta mot, sett i lys av avsendarens evner og preferansar. Dette legg føringar på korleis tilhøyraren vil tolke inn det som ikkje er kommunisert eksplisitt. Tilhøyraren vil tolke ytringa slik at ho blir mest mogleg relevant i den aktuelle konteksten ut frå følgjande definisjon av relevans [vår omsetting]:

(29) **Relativ definisjon av relevans**

- a. Dess meir mentalt arbeid (prosesseringskostnader) ei tolking fører med seg, dess mindre relevant er ho; og
- b. dess meir positiv kognitiv effekt (nyttige endringar i ein persons representasjon av verda) ei tolking fører med seg, dess meir relevant er ho (Wilson & Sperber 2004: 609)

Dette betyr at vi vel dei tolkingane som er lettast tilgjengelege for oss kognitivt sett (og derfor krev minst prosesseringskostnad), men som samtidig fører til flest mogleg nyttige (til dømes sanne) endringar i den måten vi ser på verda på.

Kvifor er det naturleg å tolke inn ein årsakssamanheng mellom innhaldet i *Nei* og innhaldet i neste setning *Eg har så problem med knea* i (26a)? Ifølgje relevansteorien kan vi knyte dette både til prosesseringskostnader og positive kognitive effektar. La oss tenke oss det usannsynlege at tilhøyraren i (26a) *ikkje* tolkar inn ein årsaksrelasjon. Altså at vi har ei tolking der person B først svarar at ho ikkje trenar nå og deretter *Eg har så problem med knea* som to isolerte fakta utan nokon samanheng. I eit slikt tilfelle vil A få informasjon om at B har problem med knea, men denne informasjonen vil ikkje like lett føre til nye innsikter ut over det. Det fører ikkje til nye kognitive effektar, for det er uklart kva informasjonen skal nyttast til. Dersom A derimot tolkar ytringa som ei forklaring på kvifor B ikkje trenar, blir det annleis. Med ei slik tolking får A ikkje berre vite at B har problem med knea, men òg at dette er årsaken til at B ikkje trenar. Dermed kan A til dømes gjere seg opp ei meining om B er lat som ikkje trenar, om B vil kunne vere med og ta pushups, om B vil kunne like å trene ved eit seinare høve osv. Ei slik tolking fører til langt fleire positive kognitive ef-

fektar i den aktuelle situasjonen enn den alternative tolkinga utan ein årsaksrelasjon. Ettersom dei ekstra mentale kostnadene med å tolke inn dette blir kompensert av dei mange kognitive effektane, og i og med at desse kognitive effektane ser ut til å vere ‘positive’ (sannsynlege skildringar av verda), er denne tolkinga meir relevant enn den alternative utan ein årsakssamanheng.

På same vis som forventningar om optimal relevans legg føringar på tolkinga av implisitte diskursrelasjonar, vil forventningar om optimal relevans påverke effekten av *sjø*. Dette gjeld blant anna kva for ei kontekstuell gitt antaking *q sjø*-ytringa skal støtte opp om (jf. (28i)), på *kva måte* ytringa støttar opp om *q* (til dømes som ei forklaring, som ei stadfesting, eller indirekte), og på kva tidspunkt *t* tilhøyraren blei gjort klar over *e(p)*. Tilhøyraren vil i kvart tilfelle velje den tolkinga som fører til mest mogleg positiv kognitiv effekt for minst mogleg prosesseringskostnad. Meir generelt bidrar *sjø* til relevans ved at ordet gjer det meir tydeleg enn elles kva talaren ønsker å kommunisere (til dømes ei forklaring eller ei påpeiking av at tilhøyraren ikkje visste dette). På den måten bidrar *sjø* til at tilhøyraren får dei kognitive effektane som talaren ønsker for ytringa si.

5.4 Analyse av enkeltdøme

Vi vil nå analysere tre autentiske døme med *sjø*. Målet er å vise at den semantikken vi har foreslått i (28) kan forklare den effekten *sjø* får i ulike ytringar, gitt dei relevantsteoretiske prinsippa.

I det første dømet vi skal sjå på, kan *sjø*-ytringa tolkast som ei forklaring og som noko tilhøyraren truleg ikkje var klar over. Person A og B snakkar om turar som nokon andre personar har vore på og ein veg som blir kalla “Den gylne omvei”:¹⁸

- (30) A: Så ee # for dei var vel litt ee på nokon turar. Dei har nå vore på n “Gylne omvei” ein gong i sommar ja. (...) Og så har dei nå vore på operaen innpå Steinvikholmen. (Skaugdalen-gm) (...)
- B: Å ja det er fine plassar ja. (Skaugdalen-gk)
- A: Har vore her? (Skaugdalen-gm)
- B: Ikkje på Steinvikholmen men på n “Gylne omvei” har eg vore mykje. Eg og han ee og kallen vi har begynt og køyrt oss turar

18. “Den gylne omvei” er ei vegstrekning på Inderøya der dei satsar på gardsutsalg med små butikkar og kafear.

til Steinkjer vi **sjø** når vi skal handle oss noko klede eller noko.
(Skaugdalen-gk)

Den siste ytringa til person B er altså: *Eg og kallen vi har begynt og køyrt oss turar til Steinkjer vi sjø når vi skal handle oss noko klede eller noko*. Intuitivt tolkar vi denne ytringa som ei forklaring på kvifor B har vore mykje på “Den gylne omvei”, og dette blir presentert som noko A truleg ikkje var klar over og som det er verdt å merke seg. Dersom *sjø* ikkje var til stades, kunne ytringa i staden ha vore starten på eit nytt tema i samtala.

Dette kan vi forklare ut frå semantikken til *sjø* i (28). *Sjø*-ytringa til B i (30) uttrykker eksplikaturen ‘Person B og mannen har begynt å køyre til Steinkjer når dei skal handle klede eller andre ting’. Ifølge (28) bidrar ikkje *sjø* til ytringas eksplikatur, men hintar om kva type implikaturar tilhøyraren skal tolke inn. Punkt (i) i (28) seier at tilhøyraren skal tolke ytringa som å støtte opp om ei kontekstuel tilgjengeleg antaking. Dette utelukkar at ytringa markerer starten på eit nytt tema som ikkje er relatert til det føregåande. I denne situasjonen har B nettopp nemnt at ho har vore mange gonger på “Den gylne omvei”. Dette er derfor ei kontekstuel gitt antaking som er svært lett tilgjengeleg og krev lite prosesseringskostnader å hente inn. Innhaldet i *sjø*-ytringa kan tolkast som å støtte opp om dette sakstilhøvet ved å vere ei rimeleg forklaring på det at B har vore på “Den gylne omvei”. Denne tolkinga krev at person A enten veit at dersom ein skal køyre frå Skaugdalen til Steinkjer er “Den gylne omvei” ei mogleg vegstrekning å velje, eller greier å slutte seg til dette. Ut frå korleis samtala artar seg (utan eksplisitte uttrykk for forvirring eller misforståingar), verkar det som om A tolkar inn denne kontekstuelle antakinga. Det å hente inn denne antakinga krev ein del prosesseringskostnader, men det betalar seg i form av ei relevant tolking av ytringa som heilskap. Punkt (ii) av semantikken til *sjø* seier at ein skal tolke ytringa i lys av at tilhøyrar blei gjort kjent med $e(p)$ ved eit tidspunkt t . Dette opnar for ei tolking som seier at talar antar at tilhøyrar ikkje var klar over innhaldet i ytringa når ho blei yttra. Det at B brukar *sjø* blir derfor eit språkleg uttrykk for at tilhøyrar truleg ikkje visste. Dette kan ha ein viss formildande og ansiktsbevarande effekt i dette dømet, for det betyr at A vanskeleg kunne vite at B og mannen har begynt å køyre turar til Steinkjer og derfor hadde vore på “Den gylne omvei”.

Eit døme der *sjø* fungerer stadfestande, er (31):

- (31) A: Nei vi ee satsar på hund eg. (Skaugdalen-um)
B: Ja eg skal ha hund når eg flyttar ut ja. (Skaugdalen-uk)

- A: Ja har litt bruke på jakt og forskjellig. Så det. Dei er litt sånn koseleg hundane *sjø*. (Skaugdalen-um)
 B: Mm ja dei er det **sjø**. (Skaugdalen-uk)

Her seier A at hundane er koselege, og B svarar med å gjenta dette: *Mm ja dei er det sjø*. I dette tilfellet er det tydeleg, ut frå innhaldet i *sjø*-ytringa og konteksten, at talar og tilhøyrar er hjarteleg einige om at hundar er koselege. Ut frå dette, saman med semantikken til *sjø*, som seier at *sjø*-ytringa støttar opp om ei kontekstuell tilgjengeleg antaking, følger det at ytringa skal bli forstått stadfeste. B kommuniserer eksplikaturen 'B meiner at hundane er koselege dyr', og dette støttar opp om at hundar er koselege dyr generelt, og dermed det A nettopp har sagt. Men uansett om *sjø* var til stades eller ikkje her, ville ytringa blitt tolka som ei stadfesting. Kvifor ha med *sjø* da? Her er punkt (ii) av semantikken til *sjø* spesielt viktig: "Tolk ytringa i lys av at tilhøyrar blei gjort kjent med *e(p)* ved tidspunkt *t*". I dette tilfellet er det klart frå konteksten at den intenderte meininga ikkje kan vere at innhaldet i ytringa er ny informasjon for tilhøyrar her og nå, altså må det vere snakk om ei tolking i retning ' Dette har eg visst allereie før du nemnde det'. Legg òg merke til at B tidlegare i samtala seier at ho vil ha hund når ho flyttar for seg sjølv. Det var derfor litt unødvendig av A å fortelje B at hundar er koselege dyr. Kan hende er det dette som får B til å svare tilbake med ei ytring med *sjø* som legg til rette for tolkinga 'Eg er heilt einig i at hundar er koselege dyr, slik du har innsett', men òg eit mogleg hint om at ' Dette har eg meint allereie før du sa det'.

I (32) er bidraget til *sjø* meir subtilt, men framleis tydeleg nok til å rettferdiggjere det å ha med *sjø* i ytringa.

- (32) A: Det er skikkeleg synd at ikkje skulekorpset er oppe og går. (...) (Inderøy-um)
 B: Nei det hadde vore artigare viss det hadde vore populært. Og det er jo ikkje populært, sant. Blir nesten sett ned på viss du seier at du spelar. (Inderøy-uk)
 A: (...) Ja men såleis var det litt det når eg var med òg **sjø**. (Inderøy-um)
 B: Å var det? (Inderøy-uk)

Slik vi tolkar *sjø*-ytringa til A, er 'Du var kanskje ikkje klar over dette' det aspektet ved *sjø* som er mest framstående her. Vi ser indikasjonar på at det er slik B tolkar ytringa, for B responderer med overrasking. Også denne tolkinga

kan vi forklare ut frå semantikken til *sjø* i (28) og relevansteteoriske prinsipp, men i dette dømet blir interaksjonen med konjunksjonen *men* viktig. Vanlegvis vil ei *sjø*-ytring støtte opp om ei antaking som er kontekstuelst tilgjengeleg allereie før *sjø*-ytringa, men i dette tilfellet er det som *sjø*-ytringa støttar opp om ein implikatur av ytringa. Legg merke til at sjølv om A startar ytringa si med eit *Ja*, held han fram med eit *men*, som viser at A er i ferd med å seie noko som indirekte går imot det B nettopp sa. *Sjø*-ytringa blir dermed tolka som ei forklaring på kvifor A meiner at det *ikkje* er slik at den einaste grunnen til at skulekorpset slit, er at det blir sett ned på å spele i korps. I tillegg antydar talaren at person B blei gjort kjent med innhaldet i ytringa nå nettopp og derfor truleg ikkje var klar over at det blei sett ned på å spele i korps også i den tida da korpsa hadde bra rekruttering. A kommuniserer med andre ord kvifor han meiner at forklaringa til B ikkje held mål, men òg at B ikkje sat inne med den nødvendige informasjonen, noko som kan ha ein ansiktsbevarande effekt.

5.5 Ansiktsbevaring, ansiktstruging og forsterkande effekt

Vi har sett at det å ha med *sjø* i ei ytring kan han ha ein formildande, ansiktsbevarande effekt. I (30), (31) og (32), til dømes, antydar bruken av *sjø* at samtalepartnaren ikkje sit inne med den nødvendige informasjonen og derfor ikkje kunne vite det som blir sagt – noko som i desse døma fungerer som ein slags klapp på skuldra til tilhøyraren. Men det å peike på at nokon ikkje visste, kan òg ha ein ansiktstrugande effekt dersom tilhøyraren burde ha visst. Prediksjonen er derfor at *sjø* òg skal kunne bli bruka til å kommunisere til dømes ‘Du var ikkje klar over dette; det burde du ha vore’ i enkelte kontekstar. Vi har òg sett at *sjø* kan brukast stadfestande for å understreke at samtalepartnarane er hjarteleg einige, til dømes i (19) og (31). Men det å bli fortalt noko ein allereie veit, er ikkje særleg spennande. Når *sjø* blir bruka stadfestande, kan ein, ifølgje enkelte av spørjeskjemainformantane våre, òg få effektar i retning av “Det som du nettopp sa er gammalt nytt for meg, la oss komme oss vidare i samtala”. *Sjø* kan med andre ord ha nærmast kontradiktoriske effektar når det gjeld ansiktsbevaring og ansiktstruging. Dette tyder på at semantikken til ordet ikkje omfattar desse betydningsaspekta, for det ville vore underleg om eit ord koda både trøyst og skjenn for mangel på kunnskap, eller både begeistring og mangel på tolmod over samsvarande meiningar. Det er derimot ikkje underleg om ein kan få heilt ulike samtalerelaterte effektar – avhengig av kontekst – av eit ord som ikkje kodar noko om ansiktsbevaring i det heile, slik vi foreslår i (28).

Også den forsterkande effekten til *sjø* er eit epi-fenomen, ifølgje analysen vår. Folkelingvistane som uttalar seg i (2) har heilt rett i at *sjø* ofte gir ekstra

kraft til ei ytring, særleg i døme der *sjø* fungerer forklarande og innhaldet i ytringa blir framstilt som noko tilhøyraren truleg ikkje var klar over (sjå t.d. (14), (15) og (16)). Dette kan vi forklare med semantikken til *sjø* i (28). Dersom ein person kommuniserer at innhaldet i ytringa er ny informasjon for tilhøyraren, er det god grunn for tilhøyraren å merke seg innhaldet, for det betyr at dei kognitive effektane truleg vil vere rikelege. Når tilhøyraren samtidig får signal om at hen skal nytte denne nye informasjonen til å støtte opp om ei anna antaking – altså utlei implikaturar – er det endå større grunn til å merke seg innhaldet: Ytringa er ikkje berre ny informasjon relevant på eksplikturnivå, men òg på implikurnivå.

Svært mange pragmatiske partiklar er blitt omtalt som forsterkande i ordbøker, grammatikkar og vitenskaplege artiklar. Bokmålsordboka (2018) skildrar til dømes både *altså* og midtstilt *da* som forsterkande, Faarlund et al. (1997: 824) skriv at midtstilt *no*, *da* og *jo* blir nytta til å forsterke innhaldet i setninga, og Fretheim (1991) omtalar både midtstilt *da* og *nå* som ‘reinforcers’. Med semantikken i (28), som ikkje seier noko direkte om “forsterkande effekt”, kan vi både forklare kvifor *sjø* iblant (men ikkje alltid) gir inntrykk av at talar legg ekstra kraft bak utsegna, og vi har eit godt utgangspunkt for å gjere greie for korleis *sjø* skil seg frå ord som *altså*, *jo*, *da* og *nå*. Vi antar at det som er felles for desse pragmatiske partiklane, er at dei på eitt eller anna vis styrker den epistemiske statusen til proposisjonen, og dermed forventninga om kognitive effektar frå ytringa. Det som skil dei frå kvarandre er *på kva måte* dette skjer.

6 Oppsummering

I denne artikkelen har vi foreslått ein semantikk for den pragmatiske partikkelen *sjø* basert på nesten 400 døme frå Nordisk dialektkorpus (Johannessen et al. 2009). Søk i korpuset har stadfesta at den geografiske utbreiinga til *sjø* hovudsakleg er det trønderske målområdet. Syntaktisk sett plasserer *sjø* seg som regel til høgre for ei deklarativ hovudsetning (som eit høgreadjungert adledd), eller til høgre for eit tilsvarende setningsfragment med proposisjonelt innhald, men *sjø* førekjem òg i appositiv posisjon inne i setningar og setningsfragment.

Undersøkinga vår har i stor grad støtta opp om den skildringa som Norsk Ordbok (u.å.) gir av *sjø*: ”tillegg etter setning der ein har forklart noko el lagt fram fakta, (inn)ser du, skjønar du; nemleg, absolutt; må vita”. Det analysen vår i første rekke bidrar med, er å forklare samanhengen mellom dei ulike tolkingane *sjø* kan føre til og korleis ytringar med *sjø* skil seg frå andre liknande

ytringar. Pragmatisk sett fører *sjø* til tolkingar som ved første augekast kan sjå ut som pussige kontradiksjonar. Nokre gonger vil ei ytring med *sjø* bli tolka som ei forklaring, andre gonger som ei stadfesting. Nokre gonger vil ei ytring med *sjø* bli sett på som eit hint om at informasjonen er ny for tilhøyrar, andre gonger som eit teikn på at talar og tilhøyrar er einige. Og iblant har *sjø* ein ansiktsbevarande effekt, andre gonger ansiktstrugande. Den semantikken vi har komme fram til, og det pragmatiske rammeverket vi har bruka, forklarar korleis desse ulike tolkingane vil kunne opptre når *sjø* er i bruk.

Vi har argumentert for at *sjø* har to semantiske restriksjonar knytt til seg. Tilhøyraren blir oppmoda om å 1) tolke innhaldet i ytringa som å støtte opp om noko som er kontekstuelleg tilgjengeleg, og 2) om å tolke ytringa i lys av at tilhøyraren blei gjort kjent med innhaldet i ytringa ved eit tidspunkt *t*. Den første restriksjonen legg mellom anna til rette for at ytringa kan bli tolka som ei forklaring, ei stadfesting, eller som ei ytring som indirekte støttar opp om noko. Den andre restriksjonen legg både til rette for ei tolking der innhaldet i ytringa blir presentert som noko talar antar er nytt for tilhøyraren her og nå, eller som noko tilhøyraren har innsett og som talar har visst ei stund. Semantikken til *sjø* gir på denne måten eit hint om kva implikaturar tilhøyraren skal tolke inn, og pragmatiske prinsipp sørger for at tilhøyraren landar på den tolkinga som er optimalt relevant i ein bestemt situasjon.

Studien vår er i første omgang basert på autentiske døme frå korpus og våre intuisjonar om desse døma, så ei naturleg oppfølging av denne artikkelen vil vere å utføre undersøkingar med meir systematisk bruk av informantar. I tillegg håpar vi at nokon vil ta tak i dei spørsmåla som undersøkinga har virvla opp utan å gje svar på. Til dømes viste korpusundersøkinga at dei eldre språkbrukarane som brukar *sjø* i Nordisk dialektkorpus, brukar *sjø* omtrent dobbelt så ofte som dei unge som brukar ordet. Kva dette skuldast, og om det tyder på at *sjø* er på tilbakegang, er spørsmål vi overlet til vidare forskning.

Litteraturliste

- Bokmålsordboka. 2018. Språkrådet og Universitetet i Bergen. Henta september 2018. <http://ordbok.uib.no>
- Borthen, Kaja & Cecilie S. Knudsen. 2014. Semantiske og pragmatiske aspekter ved trykklett *visst*. *Norsk lingvistisk tidsskrift* 32, 360–411.
- Blakemore, Diane. 1992. *Understanding Utterances*. Oxford: Blackwell.
- Blakemore, Diane. 1987. *Semantic Constraints on Relevance*. Oxford: Blackwell.

- Blass, Regina. 1990. *Relevance Relations in Discourse*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Carston, Robyn. 2002. *Thoughts and Utterances. The Pragmatics of Explicit Communication*. Oxford: Blackwell
- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie & Kjell Ivar Vannebo. 1997. *Norsk Referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Knudsen, Rune Lain & Ruth Vatvedt Fjeld. 2013. LBK2013: A balanced, annotated national corpus for Norwegian Bokmål. I: Borin, Lars et al. (red.): *Proceedings of the workshop on lexical semantic resources for NLP at NODALIDA 2013*, May 22-24, Oslo, Norway. NEALT Proceedings Series 19, 12–20 <https://www.hf.uio.no/iln/om/organisasjon/tekstlab/prosjekter/lbk/index.html>
- Fretheim, Thorstein. 1992. Themehood, rhemehood and Norwegian focus structure. *Folia Linguistica* 26-1/2, 111–150.
- Fretheim, Thorstein. 1991. Formal and functional differences between S-internal and S-external modal particles in Norwegian. *Multilingua* 10-1/2, 175–200.
- Johannessen, Janne B., Joel Priestley, Kristin Hagen, Tor A. Åfarli & Øystein Vangsnes. 2009. The Nordic Dialect Corpus – an advanced research tool. I Jokinen, Kristiina & Eckhard Bick (red.): *NEALT Proceedings Series vol. 4*, 73–80. <http://www.tekstlab.uio.no/nota/scandiasyn/index.html>
- Mæhlum, Brit & Unn Røyneland. 2012. *Det norske dialektlandskapet. Innføring i studiet av dialekter*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Nilsen, Randi A. 1992. *Intonasjon i interaksjon – sentrale spørsmål i norsk intonologi*. Dr. art.-avhandling, Universitetet i Trondheim.
- Norsk Ordbok. u.å. Henta august 2018. <http://no2014.uio.no/perlordbok/no2014.cgi>
- Sperber, Dan & Deirdre Wilson. 2004. Relevance theory. I Horn, Laurence & Gregory Ward (red.): *The Handbook of Pragmatics*. Oxford: Blackwell, 607–632.
- Sperber, Dan & Deirdre Wilson. 1986/1995. *Relevance. Communication and Cognition*. Oxford: Blackwell.
- Vangsnes, Øystein. 2008. On peripheral doubling in Scandinavian. *Syntax and semantics* 36, 419–441.
- Wilson, Deirdre & Dan Sperber. 1993. Linguistic form and relevance. *Lingua* 90–1, 1–25.

Internettsitat

Godt å vite om trøndere. Henta april 2015. <http://artigpedia.org/wiki/Tr%C3%B8ndere>

Grunnkurs i trøndersk. Henta april 2015. www.humor911.no/item/grunnkurs_i_troendersk~56c4c43147ac701b

Innføring i trøndersk. Henta april 2015. http://sandragundersen.blogg.no/1264083025_innfring_i_trndersk.html

Trøndersk ABC. Henta april 2015. www.adressa.no/nyheter/trondheim/article606320.ece

Summary

Sjø ('you see', 'indeed') is a pragmatic particle which is mainly used in the dialects of Trøndelag in Norway. Based on spontaneous spoken data from The Nordic Dialect Corpus, we analyze the use of *sjø* both geographically, semantically and with respect to pragmatic functions. Through the relevance-theoretical framework we explain how *sjø* triggers various communicative effects in different contexts, and how these interpretations are related. Utterances with *sjø* can for instance be explanatory or reinforcing, and face strengthening or face threatening, but they will in all cases support a contextually available assumption, either explicitly or implicitly.

Åshild Søfteland
Førsteamanuensis
Avdeling for lærerutdanning
Høgskolen i Østfold
Postboks 700
N-1757 Halden
ashild.softeland@hiof.no

Kaja Borthen
Professor
Institutt for språk og litteratur
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet
Dragvoll
N-7049 Trondheim
kaja.borthen@ntnu.no